



LANDBRUKS- OG MATDEPARTEMENTET
Postboks 8007 Dep
0030 OSLO

Saksbehandlar, innvalstelefon

Andreas Sandnes Granli, 71 25 84 27

Innspel til arbeidet med å gjennomgå og modernisere viltloven

Vi viser til brev datert 04.10.22 med invitasjon til innspelsmøte 02.12.22 til gjennomgang av viltlova og frist til å komme med innspel den 31.12.22. Det er bedt om innspel på tre konkrete tema i invitasjonen. Statsforvaltaren i Møre og Romsdal har valt å gje korte innspel på dei tre tema som er løfta fram av departementa, vi viser elles til vårt innspel til arbeidet med modernisering av viltlova, datert 19.06.20.

1. Behov er det for regler om ettersøk?

Statsforvaltaren vurderer at dagens reglar for ettersøk fungerer. Ettersøk kan med fordel omtalast i lovteksten og plikten til å gjennomføre eit ettersøk bør komme tydeleg fram.

(I § 23 i Forskrift av 22.03.2002 om utøving av jakt, felling og fangst er det sett svært strenge krav til ekvipasjar som tek oppdrag på vegne av det offentlege. Det kan stå som eit eksempel på at målet om det perfekte kan hindre dei løysingane som er «det beste vi kan få til lokalt». I ein del kommuner er det ikkje mogleg å tilfredsstille krava som er sett i § 23, og det er berre Miljødirektoratet som kan dispensere frå disse reglene. Det er viktig at både lov- og forskriftstekster fastsett krav som det er mogleg å overhalde.)

2. Er det behov for ytterlegare regler om bestandsregulering for haustbart vilt?

Utviklinga i hjorteviltbestandane våre viser at dagens forvaltning fungerer særst godt når ein vil auke bestandar, men ikkje når ein vil redusere. Det er eit behov i forvaltninga for heimel til å gjere uttak uavhengig av eigeomsstruktur og eigarinteresser der det ikkje blir tatt ut nok av ein art til at bestandsstørrelsen er forsvarleg. Slik det er i dag har ikkje det offentlege moglegheit til sanksjonar eller å tvinge gjennom høgare uttak om ikkje jegerane tar ut nok dyr.

Gjennom arbeidet med modernisering av viltlova må det vurderast kva effekt dei store hjorteviltbestandane har på det biologiske mangfaldet og dei samfunnmessige kostnadene knytt til mellom anna skadar på landbruksproduksjon og vilt påkøyrslar. Dette bør ligge til grunn når ein vurderer tiltak for å kunne redusere viltstammene. Statsforvaltaren i Møre og Romsdal har erfart at grunneigarane og jegerane ofte er for opptatt av at stammen ikkje skal bli for liten



og at uttaket difor blir for lite så lenge grunneigar og jeger skal ha ansvar for å gjennomføre haustinga innafor den ramma som blir gitt gjennom kvotefastsettinga frå det offentlege. Kvotene blir tilbod som blir utnytta i større eller mindre grad, og resultatet er bestandsvekst slik vi har sett dei siste tiåra.

Hovudmekanismen bak denne endringa, er at jaktretten er knytt til eigedomsretten, og at ein stadig mindre del av areala blir eigd av personar som hentar inntektene sine frå ordinær landbruksproduksjon. Det vil seie at ein stadig aukande del av utmarksareala er eigd av personar som ser på jaktretten som viktigare enn retten til å utøve tradisjonelt landbruk. Ved fleirtalsavgjerder i vald, grunneigarlag, utmarkslag, sameige med vidare har difor jaktinteressene vunne meir og meir fram mens landbruksinteressene har blitt stadig lågare prioritert. I 2022 avviker Grunneigarane/jaktrettshavarane sine interesser og målsettingar i mange område så vesentleg frå storsamfunnet sine overordna målsettingar at prinsippa som er lagt til grunn i viltlova av 1981 ikkje er eigna til å løyse dei utfordringane vi står over for nå.

Det kan være hensiktsmessig å knytte nye verkemiddel opp mot § 16 og *særlige omstendigheter*. Som utslagsgivande faktorar bør ligge beitepress i utmark og innmark, for eksempel skader på produksjonsskog, utvikling i slaktevekter, vinterbeitetakster, påkøyrslar etc.

Ansvar for denne vurderinga og eventuell iverksetting av tiltak bør løftast til Fylkeskommune eller Statsforvaltar for å lette presset på den kommunale forvaltninga. Vi legg til grunn at det kan bli snakk om tiltak der det er behov for unntak frå grunneigar sin jaktrett og at ulike interessentar kan ha sterke følelsar knytt til en slik inngripen frå det offentlege forvaltningsapparatet.

Regelverket må utformast slik at det er enkelt å forholde seg til for forvaltninga og med konkrete punkt for når tiltak kan eller skal settast i verk. Det er avgjerande at også økonomien ved gjennomføring av slike tiltak blir klargjort. Til dømes bør det avklarast om inntekter ved sal av vilt felt av styresmaktene (eller på oppdrag frå) kan eller skal gå til å dekke det offentlege sine utgifter til å gjennomføre fellingsoppdraget.

For å lette uttak på innmark i jakta kan det være aktuelt å vurdere å opne for bruk av fast montert kunstig lys som et unntak der bestandssituasjonen tilseier det; jf § 20.

3. Korleis bør reglene for jaktvåpen og utstyr utformast i ein ny lov?

Desse reglane må vurderast opp mot følgjande punkt:

- a. Krav til å kunne identifisere art (og eventuelt kjønn og alder)
- b. Krav til human felling av viltet
- c. Krav til sikker bakgrunn for skyting (både anna vilt, personar og samfunnsverdiar)
- d. Krav til at forsvarleg ettersøk ved skadeskyting må kunne gjennomførast

Lovteksten må ikkje utformast slik at det ikkje vert mogleg å ta i bruk moderne teknologi og løysningar i framtida. Statsforvaltaren i Møre og Romsdal er elles opptatt av at lovreglane ikkje skal bli drivande for et økt utstyrsjag og med det ytterlegare ekskludering av unge/mindre ressurssterke menneske.



Viltlova bør ha egne paragrafar med målsettingar og definisjonar slik at det er enkelt å tolke kva som er tenkt og kva som er intensjonen bak dei ulike omgrepa; vi viser mellom anna til spørsmålet om kva som er kunstig lys. Når det gjeld bruk av kunstig lys er det og trong til å liste opp årsakene til at det er trong til å avgrense eller forby ulike former for kunstig lys. Som eit minstemål må bruk av kunstig lys vurderast opp mot krava lista opp under bokstavane a – d ovafor.

Med helsing

Ulf Lucassen (e.f.)
assisterande miljøverndirektør

Andreas Sandnes Granli
rådgivar

Dokumentet er elektronisk godkjent